




Kulturminnefondet



M/S Axel

Fraktesfartøyet Axel vart bygd i 1878 av Lindholmens Værv i Göteborg. Fartøyet har vore i Noreg sidan 1883. Axel er ein av dei få mindre fraktesbåtane bygd i stål som framleis eksisterer. Båten er ein god representant for fraktesfarten langs norskekysten på 1900-talet. Undervegs i restaureringa blir fartøyet brukt på ulike kystkulturarrangement, og har deltatt på kystkulturdagane i Sandeid, der Axel hadde heimehamn på 1950-talet.



På bildet: Generalsekretær Toril Skjetne i Kulturvernforbundet, eigar Odd Harald Turøy og Atle Hamar, styremedlem i Kulturminnefondet



Gammelhusa oppi Grøsetra

På eit høgdedrag aust for Gauldalen ligg Grøsetra. I den 16 meter lange, umåla trønderlåna frå 1837 budde bestemora til Even fram til 1974. Da var dagens eigar Even 8 år. Dei hadde berre innlagt kaldvatn og utedo i låven. I dag bur ingen på tunet, men det er likevel brukt aktivt. Her er grupper frå barnehage, SFO, eldresenter og historielag hjarteleg velkomne. I tillegg blir det arrangert bryllaup og andre selskap på Grøsetra.



På bildet: Eigar Even Grøseth, kona Berit og mor Anne Jorun



Botn skystasjon

Skystasjonen vart bygd i 1864, og er sett saman av fleire tømmerkjerner som er flytta til staden. Loftet er flytta frå Edland, og tømmerkjernen er frå omkring 1660-talet. Botn er det einaste intakte skystasjonsanlegget som er igjen i Telemark. Den gamle hovudvegen over fjellet gjekk gjennom tunet, heilt til veggen ble lagt om etter krigen.

Loftet som er støtta av Kulturminnefondet, har ein særeigen utsjånad med sine store takutstikkerar og sin utskorne svalgang. Innvendig er det dekorert med marmorering.

INNHALD

Del I: Melding frå styreleiar	7
Del II: Introduksjon til verksemda med hovudtal	8
Introduksjon til verksemda	8
Styrets arbeid	8
Hovudtal	10
Del III: Aktivitetar og resultat gjennom året	12
Aktivitetar og resultat	12
Nasjonalt mål 1	12
Nasjonalt mål 2	13
Nasjonalt mål 3	16
Status oppdrag i tildelingsbrev	22
Del IV: Styring og kontroll	25
Internkontroll og risikostyring	25
Del V: Vurdering av framtidsutsikter	27
Vurdering av framtidsutsikter	27
Del VI: Årsrekneskap	29
Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2022	29
Rekneskapsprinsipp	29
Løyvesrapport	29
Årsrekneskapet	30
Resultatrekneskap	32
Balanse	33
Kontantstrømoppstilling	34
Noter	35



Ringsøya

Ringsøya var opphavleg eit fiskevær sør for Smøla, der bygningane vart oppført rundt midten av 1800-talet. I dag finst det 24 bygningar på øya, som blant anna naust, kaier, fiskarhus, skole, landhandel, fjøs, bakarhus og bustadhus. Familien har hatt eigedommen gjennom fleire generasjonar, og dei har gjennom åra lagt ned ein betydeleg innsats – praktisk så vel som økonomisk – for å halde bygningane i hevd.

– Min far, Kåre Gustad, har gjennom 40 år lagt ned betydelige mengder ressurser og dugnadstimer til vedlikehold av Ringsøya. Pappa hadde en genuin kjærlighet til stedet, og mamma og pappa var opptatt av bevaring lenge før det ble moderne. Vedlikeholdsdriften har heldigvis smittet over på oss i neste generasjon, og de siste ti årene har mannen min også lagt ned masse arbeid her ute sammen med onkelen min sin familie, skreiv Randi Gustad i søknaden.

På bildet: Randi Gustad og ordførar Svein Rokstad



Å BRUKE ER Å BEVARE

Det var ein artikkel i Agderposten i haust som inspirerte meg til å ta i bruk denne tittelen i årsrapporten til Kulturminnefondet. Saka dreia seg om korleis bygningsmiljøet i Risør skaper trivsel og attraksjonskraft for både fastbuande og tilreisande. For det er viktig at bygningsmiljø er i bruk. Utan bruk vert det vanskelegare å bevare.

Mange av dei som søker Kulturminnefondet om støtte, har også planar om at kulturmiljøet skal fylle ein funksjon og få ein vidareført eller ny bruk etter istandsetjing. Dette syner ei ny undersøking vi har gjennomført i 2022. Tilskotsmottakarar som bruker kulturmiljøet i næringsverksemd, har gjeve viktige innspel i utviklingsarbeidet vårt vidare.

Verneverdige bygningar kan tilpassast ny bruk, og gamle hus representerer ofte ein ressurs av god kvalitet. Å bruke er å bevare, og kulturmiljø som vert teke vare på, er ein ressurs for verdiskaping og utvikling av lokalsamfunnet. Tala i undersøkinga syner også tydeleg kor avgjerande tilskot frå Kulturminnefondet er for gjennomføringa av prosjekta. 97 % av respondentane har svara at tilskotet var ganske eller veldig viktig for gjennomføringa.

Mange søker om støtte

Eg trur Kulturminnefondets strategiplan bidrar til at vi over tid har stor søknadsmengde. Interesse for å sette i stand kulturmiljø aukar over heile landet. Vi er godt nøgde med at så mange har søkt om støtte, for det betyr at stadig fleire ser verdien av å ta vare på kulturmiljø, og at dei ser at bygget dei eig, båten dei seglar med og huset dei bur i, har ein verdi i lokalsamfunnet.

Tilskot frå Kulturminnefondet er på mange måtar utslagsgjevande for den store innsatsen eigarane legg ned. Det er også verd å merke seg at pengane frå Kulturminnefondet i mange høve utløyser tilskot frå andre finansieringskjelder og ikkje minst ein stor innsats frå private og frivillige.

Låg terskel hos Kulturminnefondet

Det å senke terskelen for søkjarane, slik at søknadsprosessen vert så enkel som mogleg, gjer at eigaren kan bruke meir tid på kulturmiljøet og mindre tid på søknadsprosess og rapportering. Nå er digitale verktøy viktig for Kulturminnefondet, som støttar tiltak over heile landet.

Digitale løysingar er viktige verkemiddel for å kunne skape engasjement og tenester som er enkle å bruke, i tillegg til effektive og pålitelege. Difor har vi ei aktiv haldning til den digitale utviklinga. Vi har blant anna digitale synfaringar, nettbaserte kurs og informasjonsmøte.

Ei løysingsorientert tilnærming og gode råd skaper motivasjon og engasjement. Pengane som kjem med tilskotet er også til hjelp, men det er avgjerande at eigaren vert sett og høyr, og får tru på at kulturmiljøet er viktig, lar seg redde og kan få ein funksjon i framtida.

Kulturminnefondet prioriterer tiltak som omfattar ombruk, sirkulærøkonomi og næringsutvikling. For å få til gode praktiske løysingar som gjev grunnlag for framtidig bruk, er vi opptatt av god dialog med eigarane av kulturmiljøa.

Formidlingsarbeidet

Arbeidet med å formidle moglegheitene for ny bruk, gjenbruk og transformasjon overfor eigarane av kulturmiljø er intensivert i 2022. Vi legg til rette for ombruk ved å gje støtte til å sette i stand. Difor må Kulturminnefondets bidrag sjåast på som eit viktig verkemiddel i satsinga på sirkulærøkonomi. Kulturminnefondet har bidratt til at kulturmiljøa har vorte meir synlege, og vi når fleire i ulike kanalar som sosiale medium, lokal og regional presse og internett.

Staben vår

Menneska er den viktigaste ressursen i Kulturminnefondet. Tilrettelegging for at private eigarar skal lukkast i sine prosjekt, er avgjerande for at vi skal lukkast med samfunnsoppdraget vårt. Medarbeidarane våre tar eit felles tverrfagleg ansvar for samhandling og forbetningsarbeid. Vi har ein organisasjonskultur der alle tar del i utviklingsarbeidet.

Kulturminnefondet er ein attraktiv arbeidsplass med låg «turnover» og mange kvalifiserte søkjarar når vi ein sjeldan gong har ledige stillingar. Sjølv om søknadsmengda har auka, er administrasjonen framleis liten. Dette har vi klart ved å arbeide aktivt med å fornye, forenkle og forbetre tenester og samarbeidsformer.

Styret i Kulturminnefondet er godt fornøgd med oppnådde mål og resultat i verksemda i 2022.

Kulturminnefondet meiner ressursbruken har vore effektiv, både i forhold til kva Kulturminnefondet har brukt ressursar på og korleis ressursane er brukt. I årsrapporten summerer vi opp resultatata i 2022.

Eg nyttar denne anledinga til å takke styret og administrasjonen for godt samarbeid. Vi takkar Klima- og miljødepartementet for oppdrag og verkemiddel. Til slutt vil eg sende ein særleg takk til alle private eigarar av kulturmiljø som bruker tid, engasjement og ressursar i bevaring og bruk av kulturmiljø over heile landet.

Røros, mars 2022

Tine Sundtoft
styreleiar



INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA

Kulturminnefondet vart oppretta av Stortinget i 2002 og starta opp arbeidet i 2003. Kulturminnefondet er i dag eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, direkte underlagt Klima- og miljødepartementet (KLD). Hovudformålet til verksemda er å løyve pengar til kulturminnetiltak. Kulturminnefondet står for ei reindyrka tilskotsordning som eit lågterskeltilbod for private eigarar av verneverdige kulturminne.

Ei eiga forskrift for Kulturminnefondet gir føringar for verksemda (Forskrift om vedtekter for Norsk kulturminnefond, FOR-2022-06-03-964). Vidare gir det årlege tildelingsbrevet og økonomi-instruksen frå departementet nærmare føringar for styre og administrasjon i Kulturminnefondet. Ifølgje forskrifta kan midlar brukast til tiltak innanfor heile kulturminnefeltet. Formålet er formulert slik:

Kulturminnefondet skal:

a. bidra til å styrke arbeidet med å bevare verneverdige kulturminner og kulturmiljø

b. bidra til at et mangfold av kulturminner og kulturmiljø kan benyttes som grunnlag for framtidig opplevelse, kunnskap, utvikling og verdiskaping

c. bidra til at kulturminner og kulturmiljø kan benyttes som ressurser i en sirkulær økonomi.

Kulturminnefondet er eit økonomisk verkemiddel i arbeidet med å ta vare på kulturminne og kulturmiljø, og har ansvar for å følgje den heilskaplege miljøpolitikken til Klima- og miljødepartementet. I dette ligg særleg ansvaret for å redusere tapet av kulturminne og sørge for at kulturarven blir eit viktig bidrag i samfunnsutviklinga.

Kulturminnefondet er lokalisert på Røros. Kulturminnefondet har pr. 31. desember 2022 17 tilsette fordelt på 16,5 årsverk.

Administrativ leiing:

- Direktør: Simen Bjørgen
- Assisterande direktør: Pia Wigtil

STYREARBEIDET

Styret forvaltar midlane i samsvar med og innanfor rammane av forskrifta, og treffer vedtak og tilskot frå midlane. Klima- og miljødepartementet oppnemnde nytt styre 27. juli 2019. Styreleiar og nestleiar utgjer arbeidsutval for styret, og deltar i halvårsmøta med Klima- og miljødepartementet.

Fv. styremedlem Atle Hamar, styremedlem Kjetil Reinskou, nestleder Hanne Kristin Jakhelln, varamedlem Einar Bjørn Holtane, styremedlem Elisabeth Sjø Jespersen og styreleder Tine Sundtoft. I tillegg er Margret Lie Wessel varamedlem.



Husmannsplassen Bøli

Husmannsplassen Bøli er ein liten husmannsplass i nærleiken av Åmot i Vinje kommune. Plassen skal bli ein aktiv møtestad og eit nettverksskapande kulturiltak i bygda, i samarbeid med skolar, barnehagar, Vest-Telemark museum, lag og organisasjonar.

Her skal det formidlast handverkstradisjonar, lokale mattradisjonar, kunst og kultur.

Før- og etter-bilde.



Før



Etter

HOVUDTAL

Kulturminnefondet fekk 1661 søknader i 2022, med eit samla søknadsbeløp på 514,3 mill. kroner. Det vart gjort vedtak i 1599 søknader, av dei 1467 frå 2022 og 123 frå tidlegare år. 194 søknader frå 2022 må ferdigbehandlast i 2023.

TABELL 1: TAL PÅ BEHANDLA SØKNADER I ÅRET, MED UTVIKLINGSTAL

Søknadsordning	2020	2021	2022
Faste kulturminne	1 147	1 491	1 263
Fartøy og båtar	41	74	56
Sikringstiltak		218	157
Fagseminar	31	37	37
Rullande og bevegelege kulturminne		120	50
Formidling		17	36
Til saman	1 219	1 957	1 599
Endring frå fjoråra	8 %	61 %	-18 %

Tabell 1 viser utvikling av talet på behandla søknader dei siste åra. Søknadsmengda i 2022 gjekk ned med 18 % frå året før. Samtidig er det framleis ein auke samanlikna med tidlegare år.

TABELL 2: SØKNADSBELØP MED UTVIKLINGSTAL (beløp i 1000)

Søknadsordning	2020	2021	2022
Faste kulturminne	315 606	495 442	453 743
Fartøy og båtar	8 436	15 809	14 798
Sikringstiltak	-	21 727	13 687
Fagseminar	1 292	1 895	1 589
Rullande og bevegelege km	-	22 594	6 003
Formidling	-	1 184	3 693
Til saman	325 335	558 651	493 512
Endring frå fjoråra	-11 %	72 %	-12 %

Tabell 2 viser utviklinga av samla beløp i søknadene som er behandla. Samla søknadsbeløp viser nedgang frå 2021 til 2022. Årsaka til dette er færre søknader enn året før.

TABELL 3A: BEHANDLA SØKNADER OG VEDTATTE TILSEGNAR (BELØP I 1000)

Søknader, totalt	2020	2021	2022	Beløp, totalt	2020	2021	2022
Søknader	1 219	1 957	1 599	Søknadsbeløp	325 335	558 651	493 512
Tilsegner	687	867	700	Tilskotsbeløp	120 814	141 517	117 481

Tabell 3a viser behandla søknader og tilsegner med utviklingstal. I 2022 vart det tildelt midlar til 167 færre prosjekt enn i 2021. Gjennomsnittleg tilsegnsbøp var kr 167 830 i 2022, ein liten auke frå fjoråret, da gjennomsnittlig tilsegnsbøp var kr 163 226.

TABELL 3B: INNKOMNE SØKNADER PER ÅR MED SØKNADSBELØP (BELØP I 1000)

	2020	2021	2022
Antall innkomne søknader per år	1 362	1 811	1 661
Søknadsbeløp per år (i 1000)	372 786	529 077	514 153

Tabell 3b viser innkomne søknader og søknadsbeløp per år.

TABELL 4: UTVALDE NØKKELTAL

Nøkkeltal	2020	2021	2022
Tilsette pr. 31.12.	18	22	17
Avtalte årsverk	18,5	18,6	17,42
Utførte årsverk	16,9	16,9	16,52
Driftskostnader (beløp i 1000)	21 068	22 456	21 970
Lønnsdel av driftskostnader	59 %	58 %	57 %
Lønnskostnader pr. årsverk (beløp i 1000)	726	773	752


Tabell 4 viser nøkkeltal frå årsrekneskapen dei tre siste åra. Talet på avtalte årsverk har minka med 1,2 % frå 2021 til 2022. Lønnsdelen av driftskostnadene er redusert samanlikna med tidlegare år, og lønnskostnadene pr. årsverk er redusert med nesten 20 000 kroner.

TABELL 5: UTVALDE NØKKELTAL FRÅ ÅRSREKNESKAPET (beløp i 1000)

Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2020	2021	2022
Samla løyving frå KLD	126 362	135 614	121 318
Driftskostnader	21 068	22 456	21 970
Tildeling av tilskot	120 814	141 517	117 481

Tabell 5 viser nøkkeltal basert på informasjon frå del VI, årsrekneskap for dei siste tre åra. Tabellen viser at summen av tilskot og driftsutgifter gir eit høgare beløp enn løyvinga fra KLD. Årsaka til dette er tilbakekalling av tilsegner, fråseiingar og at fleire eldre prosjekt vart avslutta med reduksjon av tilskota. Tilbakeførte midlar er lagt inn i balansen til bruk på nye tildelingar.

FIGUR 3: DEL AV LØYVINGA I ÅRET FRÅ KLD



Figur 3 viser kor stor del driftskostnader og tilsegner om tilskot utgjør i prosent av løyvinga i året. Driftskostnadene dei siste tre åra ligg på 17–18 % av løyvinga frå KLD.

AKTIVITETAR OG RESULTAT

Dette kapitlet gir ei samla vurdering av aktivitetar og resultat gjennom året, og er strukturert etter dei tre nasjonale kulturmiljømåla, med påfølgjande prioriteringar og styringsparametrar slik dei kjem fram i tildelingsbrevet 2022.

Under kvart nasjonale mål har Kulturminnefondet vurdert arbeidet sett opp imot dei tre nasjonale måla. På nasjonalt mål 2 er dei to prioriteringane og styringsparametrane slått saman til ei felles, kvalitativ totalvurdering. På slutten av kapitlet gjer vi greie for status på fellesføringane i tildelingsbrevet.

NASJONALT MÅL 1:

Alle skal ha høve til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.

Prioritering

Kulturminnefondet skal prioritere oppfølging av arbeidet for å utvikle tilskotsordninga som eit lågterskeltilbod for private eigarar og foreiningar.

Vurdering av nasjonalt kulturmiljømål 1 og Kulturminnefondets arbeid med å utvikle tilskotsordninga

Kulturminnefondet arbeider målretta for at det skal vere enkelt for eigarar av private kulturminne å søkje om tilskot, og at vi saman med eigarane finn gode, gjennomførbare og berekraftige løysingar. I arbeidet med forenkling og effektivisering er digitalisering eit viktig verkmiddel for å kunne skape engasjement og bidra til at alle kan ha høve til å ta ansvar for kulturminne og kulturmiljø. Kulturminnefondet arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle og effektivisere arbeidsprosessar, og har utvikleta ein tilpassa versjon av Miljødirektoratets elektroniske søknads-senter (ESS) for publikum. Dette har bidratt til forenkling av søknadsprosessen og effektivisering i saksbehandlinga. Det er også etablert nye, digitale samarbeidsflater med søkjarane, f.eks. digitale søknadsseminar og digitale synfaringar. ESS og andre digitale kontaktflater er dermed viktige tiltak for at Kulturminnefondet skal nå målsettingane sine og bidra til å nå dei nasjonale kulturmiljømåla.

Erfaringar og tilbakemeldingar frå søkjarane står sentralt i Kulturminnefondets arbeid og utvikling av tenester. I arbeidet med ny arbeidsstrategi i 2021 gjennomførte vi ei nasjonal brukarundersøking, der formålet var å kartleggje og måle kor tilfredse søkjarane var med forvaltninga av tilskota frå Kulturminnefondet. Kulturminnefondet er eit lågterskeltilbod, og strategien med å digitalisere og forenkle søknadsprosessen har hatt effekt. Søkjarane klarer seg med mindre

rådgiving i søknads- og rapporteringsprosessen, noko som gir ein meir effektiv tidsbruk. At folk er godt tilfreds når det gjeld kontakten med Kulturminnefondet, er ein god indikator på at Kulturminnefondet er eit lågterskeltilbod for heile landet. Undersøkinga gav Kulturminnefondet tydelege tilbakemeldingar frå eigarane. Vi har også har fått fram dokumentert kunnskap om kva syn og erfaringar søkjarane har når det gjeld tilskotsforvaltninga i Kulturminnefondet, og kva forventningar dei har til Kulturminnefondet som eit lågterskeltilbod. Dette er viktige bidrag i det kontinuerlege arbeidet med å forbetre og utvikle verksemda.

I 2022 ser vi at den generelle auken på søknader er stabil, samtidig som talet på årsverk er stabilt og på same nivå som i 2020 og 2021. Dette er ein god indikator på at forenkling- og effektiviseringstiltaka har gitt god effekt.

NASJONALT MÅL 2:

Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.

Vurdering av nasjonalt kulturmiljømål 2 og prioriteringa om at Kulturminnefondet skal bidra til å nå målsettinga om å kople natur, kulturmiljø og klima ved å legge vekt på samfunnsnyttan i søknadene.

Kvart kulturminne eller kulturmiljø som blir sett i stand med hjelp frå Kulturminnefondet, skaper samfunnsnytte ved at det kan brukast som grunnlag for framtidig oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping. Berekingar av Menon Economics frå 2017 viser i tillegg at ei krone i tilskot frå Kulturminnefondet løyser ut 3,5 kroner i annan innsats, i form av enten dugnad eller pengar brukt på handverkarar og materialar, som nemnt over. Her vil vi vurdere nærmare meir spesifikke sider av samfunnsnyttan som innsatsen frå Kulturminnefondet fører til. Vi vil særleg trekkje fram verdiskaping og næringsutvikling, ringverknader for sirkulærøkonomien og til slutt andre miljøeffektar.



Rostadbrygga

I behandlinga av søknader vurderer Kulturminnefondet moglegheitene for verdiskaping som ligg i dei ulike prosjekta. Her ser vi etter sosial, kulturell, økonomisk og miljømessig verdiskaping. Miljømessig verdiskaping kjem vi tilbake til seinare. Prosjekter som bidrar til kulturell eller sosial verdiskaping kan styrke lokal identitet til eller stoltheit over eit kulturminne, kulturmiljø eller stad, eller skape større bevisstheit og engasjement rundt kulturminnet og kulturmiljøet. I Verdal i Trøndelag har for eksempel to klasser frå den vidaregåande skolen lært om lafting ved å delta i istandsettinga av Rostadbrygga, og slik tileigna seg kunnskap – ikkje berre om tradisjonelle handverksmetodar, men også om heimstaden sin. Brygga er også sett i stand av foreininga Øra Vel, noko som skaper engasjement og bevisstheit. I Kinn i Vestland støttar Kulturminnefondet istandsettinga



Vemmelsvik kystfort

av kanonen på Vemmelsvik kystfort, som ligg i eit populært turområde. Istandsettinga er del av eit større prosjekt for å gjere kystfortet meir tilgjengeleg for gjester, noko som kan styrke lokal identitet, bevisstheit og engasjement.

Verdiskaping og næringsutvikling har vore spesielle satsingsområde for Kulturminnefondet i fleire år. Bakgrunnen er at kulturminne og kulturmiljø som blir tatt i bruk, meir sannsynleg blir haldne ved like også etter istandsetting. Samtidig vil ulike kulturminne og kulturmiljø som blir brukt i næringsverksemd, kunne skaffe inntekter som igjen kan brukast til vedlikehald og om nødvendig vidare istandsetting. Gjennom næringsutvikling blir i mange tilfelle kulturminna og kulturmiljøa også meir tilgjengelege for allmenta. I Ulstein i Møre og Romsdal blir den gamle skolebygninga Bjørndalens Minne sett i stand for at den kan takast i bruk til ulike kulturelle arrangement. I tillegg blir det leigt ut kontor- og



Bjørndalens Minne



Odda karbinsilohus

selskapslokale i bygningen. I Ullensvang i Vestland støtter Kulturminnefondet istandsetting av Odda karbinsilohus på tomte til Odda Smelteverk, eit kulturmiljø av nasjonal betydning. Her er det alt etablert fleire kontor og verkstader for eit firma som blant anna designar og produserer klatrevegger, ved sida av at det også blir brukt til ymse kulturarrangement.

Et viktig område der verksemda til Kulturminnefondet bidrar til utviklinga av ein sirkulær økonomi, er gjenbruk av kulturminne og kulturmiljø. Ved at eldre bygningar får ny bruk, sparer vi miljø og klima for utslepp og andre belastningar. Kulturminnefondet legg til rette for berekraft gjennom gjenbruk. Størstedelen av bygningsmassen vi treng i 2050 er allerede bygd. Som nemnt i Stortingsmelding 16 (2019–20), gir gjenbruk av eksisterande bygningar lågare klimagassutslepp enn riving og nybygg (s. 50–52). Så godt som alle prosjekta vi støtter, fører til ein stor grad av gjenbruk av kulturminne, enten til ny eller opphavleg bruk. I Sortland i Nordland støtter Kulturminnefondet istandsettinga av Kunstnerhuset Gerdas hus, som opphavleg var bygt som sjuke- og fødestove, men som i dag huser kunstnarleg verksemd og bustader for kunstnarar og kunsthåndverkarar, i tillegg til at det blir brukt som utstillingslokale. På Galgeberg i Oslo støtter vi



Gerdas hus



Utdeling til Galgeberg

istandsetting av ein bilverkstad frå 1950-talet, som i dag blir brukt som kafé og sykkelverkstad. Mange av prosjekta vi støtter, omfattar også gjenbruk av bygningsdelar. Vi prioriterer for eksempel søknader der eldre vindauger skal restaurerast framfor å skiftast ut, som på eit hus frå 1890 i Grimstad i Agder. I Rådhusgaten i Risør støtter vi istandsetting av tak på eit hus frå 1861, der eldre takstein skal brukast om igjen.

Verksemda til Kulturminnefondet skapar også resultat som er positive for miljø og klima. Noko av dette er alt nemnt. Istandsetting, energieffektivisering, tilpassing til ny bruk og transformasjon av bygningar er generelt avgjerande for å ta ut potensialet frå – og auke utnyttinga av naturressursane



Huset i Grimstad

i byggesektoren. Gjennom tilskotsordninga fremmer Kulturminnefondet gjenbruk av bustader og andre bygningar framfor ressurskrevjande nybygg. Vi fremmer gjenbruk av bygningsdelar framfor nyinnkjøp, og vi støtter prosjekt med kortreiste materialar som kan brukast om att. Samtidig bidrar vi til å stø opp under den delen av byggenæringa som kan bidra til vidare istandsetting og tilpassing til ny bruk ved at store delar av tilskota vi gir, går til å betale for tenestene til tradisjonshåndverkarar og andre leverandørar som er nødvendige for at ulike kulturminne og kulturmiljø skal bli tatt vare på.

Kulturminnefondet skulle i samsvar med tildelingsbrevet for 2022 vurdere erfaringar frå søkjarar som bruker kulturminnet i næringsutvikling etter at det er sett i stand. Vurderinga vart gjort i form av ei brukarundersøking frå hausten 2022. Ei spørjeundersøking vart sendt ut til 1745 eigarar som hadde fått tilsegn om tilskot etter ordninga for faste kulturminne mellom 2020 og 2022. Vi fekk svar frå 924 respondentar, som i korte trekk underbyggjer funna frå den meir generelle brukarundersøkinga frå 2021. Begge undersøkingane viser veldig stor grad av tilfredsheit med bidrag, rådgiving, oppfølging og vilkår frå Kulturminnefondet si side.

Kulturminnefondet legg stor vekt på å vere i dialog med søkjarar og tilskotsmottakarar og å leggje til rette for at verneverdige kulturminne blir brukt på nye måtar. Funna frå årets brukarundersøking viser tydeleg at dette arbeidet lykkast godt. Ca. 14 % av tilskotsmottakarane våre dei siste tre åra opplyser at dei driv næringsverksemd med utgangspunkt i kulturminnet dei har fått sett i stand. Næringsprosjekta er i stor grad jamt fordelt mellom fylka, i samsvar med fylkesvis fordeling av tilsegner. 97 % av respondentane opplyste at bidrag frå Kulturminnefondet var ganske eller veldig viktig for at prosjektet deira vart gjennomført. 92 % opplevde Kulturminnefondet som løysingsorientert i behandling og oppfølging av søknader. 85 % var nøgde med rettleiinga dei fekk frå rådgivarane i Kulturminnefondet, medan 13 % klarte seg utan rettleiing. 88 % vurderte Kulturminnefondets vilkår for gjennomføring som relevante, medan 8 % svarte at dei ikkje visste. Vi fekk også ei mengde tilbakemeldingar i fritekst, som vi tar med oss vidare i utviklinga av Kulturminnefondet som eit lågterskeltilbod og arbeidet med samfunnsnytte i prosjekta vi støtter.

Digitale synfaringar

Eigarar som ønskjer å søkje Kulturminnefondet om støtte til prosjekta sine, kan få råd og rettleiing gjennom ei digital synfaring. Erfaringane til saksbehandlarar og brukarar er at dette er ei løysingsorientert tilnærming til saksbehandling, som bidrar til å gjere tilskotsordninga tilgjengeleg og brukarvennleg. Digitale synfaringar krev små kostnader og lite tid, og er eit miljøvennleg alternativ for brukarvennleg kommunikasjon og saksbehandling. Digitale synfaringar er eit praktisk, lett tilgjengeleg lågterskeltilbod til alle.



NASJONALT MÅL 3


Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Prioritering 1

Kulturminnefondet skal i tilskotsforvaltninga si prioritere fagleg og tematisk bredde.

Kulturminnekategori	Private bygningar	Industri- og forretningsbygg	Offentlege og allmenne bygningar	Utomhusanlegg og kulturlandskap	Ferdsl og samferdselsanlegg	Båt og fartøy	Andre konstruksjonar	Bevegelege kulturminne	Fagseminar	Formidling	Sum	Formidling	Sum
Troms og Finnmark	17	2	2		1	1		1	2	1	27	1	19
Nordland	37	1	3		2	2		2		2	49	2	42
Trøndelag	42	8	2	1		3		1	3	3	63	3	48
Møre og Romsdal	42	4	3		1	2			4		56		42
Vestland	64	7	5	1	2	4	1	4	1	4	93	3	75
Rogaland	36	8	3		1	9	1	1			59		43
Agder	56	10	5		2	5		1	2	3	84	3	61
Vestfold og Telemark	35	2				1	1	1	3		43		31
Innlandet	58	6	6		3			3	4	3	83	3	71
Viken	63	8	1	4	2	8	2	6	2	2	98	2	66
Oslo	36	5	1			2			1		45		33
Sum 31.12.22	486	61	31	6	14	37	5	20	22	18	700	17	531


Tabellen over viser korleis talet på tilsegner til ulike typar kulturminne fordeler seg fylkesvis. 69 % av tilsegnene er gitt til private bygningar. Kategorien private bygningar omfattar våningshus, seterhus, bygardar, einebustader, låvar, fjøs, stabbur, uthus, smier, bryggarhus, naust og liknande bygningar som typisk er eigd av privatpersonar.



Diagrammet over viser korleis tilsegnsbeløp er fordelt på ulike typar kulturminne. Omtrent 70 % er gitt til private bygningar.

FORMELL STATUS


Formell status	Freda	Planregulert	Bevaringsverdig	Udefinert	Sum
Troms og Finnmark		4	16	7	27
Nordland		10	7	32	49
Trøndelag		26	17	20	63
Møre og Romsdal		24	26	6	56
Vestland		37	35	21	93
Rogaland		37	18	4	59
Agder		20	10	54	84
Vestfold og Telemark		2	13	28	43
Innlandet		7	52	24	83
Viken		31	15	52	98
Oslo		15	26	4	45
Sum 31.12.22	0	213	235	252	700



Tabellen og diagrammet over viser formell status i tal på tilsegn og beløp fordelt fylkesvis. Det er relativt lik fordeling mellom kategoriene med unntak av kategorien freda, noko som er i tråd med prioriteringa frå styret. Hovudtyngda av tilsegnene er gitt til prosjekt som har udefinert status, medan det er gitt mest tilskot til objekt som er regulert til bevaring. Eit definert verneverdig eller bevaringsverdig kulturminne eller kulturmiljø har fått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Udefinert status betyr at inga slik vurdering er gjort, men kulturminnet eller kulturmiljøet kan framleis vere verdifullt.

EIGARFORM


Eigarform	Privat	Selskap/føretak	Foreining	Stiftelse	Offentlig eie	Sum
Troms og Finnmark	20	4	3			27
Nordland	35	9	3		2	49
Trøndelag	39	16	2	5	1	63
Møre og Romsdal	42	4	7	3		56
Vestland	61	8	13	11		93
Rogaland	37	13	5	4		59
Agder	60	10	11	3		84
Vestfold og Telemark	33	5	5			43
Innlandet	63	9	8	2	1	83
Viken	73	14	7	4		98
Oslo	33	9	3			45
Sum 31.12.22	496	101	67	32	4	700



Tabellen og diagrammet over viser korleis tilsegner og tilsegnsbøp er fordelt på eigarform pr. fylke. 71 % av tilsegnene og 58 % av totalt tilsegnsbøp er gitt til privatpersonar.

KULTURMILJØ

Kulturmiljø	Immateriell	Kystmiljø	By og tettsted	Landbrukets kulturmiljø	Industriemiljø	Totalsum	
Troms og Finnmark		3	12	2	9	1	27
Nordland		2	36	8	2	1	49
Trøndelag		6	7	27	21	2	63
Møre og Romsdal		3	11	15	27		56
Vestland		6	14	30	43		93
Rogaland		1	18	28	12		59
Agder		5	24	23	28	4	84
Vestfold og Telemark		3	4	6	30		43
Innlandet		8	1	15	58	1	83
Viken		6	14	33	45		98
Oslo		1	2	42			45
Sum 31.12.22	44	143	229	275	9	700	



I tabellen og diagrammet over ser vi at hovuddelen av tilskota har gått til byar og tettstader, kystmiljø og kulturminne i landbruket. Kategorien immateriell kulturarv gjeld tilsegner til formidlingstiltak og fagseminar.

Vurdering av nasjonalt kulturmiljømål 3 og Kulturminnefondets faglege og tematiske bredde

Tilskotsordninga i Kulturminnefondet er eit strategisk viktig bidrag for å nå dei nasjonale kulturmiljømåla, og eit effektivt verkemiddel for å ta vare på eit mangfald av kulturmiljø. Tilskota løyser ut finansiering, engasjement og arbeidsinnsats frå både eigarar, frivillige og andre. Det blir skapt ringverknader utover bevaringa i seg sjølv, som direkte og indirekte næringseffektar, utvikling av handverkskompetanse, stadutvikling og auka opplevingskvalitetar i landskap og byrom. For kvar krone Kulturminnefondet har bidratt med i støtte, er det utløynt 3,5 kroner i samla innsats for å bevare kulturminne og kulturmiljø. Sidan starten i 2003 har Kulturminnefondet tildelt i overkant av 1 milliard kroner i tilskot. I eit breiare samfunnsøkonomisk perspektiv utgjer dette nær 3,5 milliardar kroner i verdiskapande aktivitet. Ringverknadene er mange, og vi ser at tilskota er med på å utvikle lokalsamfunn, arbeidsplassar og næring. Kulturminnefondet ser derfor spesielt positivt på å støtte tiltak som fører til næringsutvikling i – eller i tilknytning til kulturminna. Bruksendringar og aktiv bruk kan skape viktige

inntektskjelder til eigarane, noko som blir avgjerande i bevaringa av kulturminna for ettertida.

Kulturminnefondet prioriter fagleg og tematisk breidde i tilskotsforvaltninga, og legg vekt på geografisk, sosial, etnisk, nærings- og tidsmessig representativitet. I det praktiske arbeidet legg vi vekt på korleis søknadene bidrar til tematisk og geografisk breidde. Dette blir vurdert innanfor rammene av dei seks søknadsordningane til Kulturminnefondet – faste kulturminne, bevegelege og rullande kulturminne, faste kulturminne, fartøy og båtar, sikringstiltak, fagseminar, og formidling. I 2022 har prosjekt som omfattar ombruk, sirkulær økonomi, næringsutvikling og tiltak i regionar som over tid har hatt få søknader, vore særleg høgt prioritert.

I 2022 ser vi at satsinga på vern gjennom aktiv bruk er eit sentralt bidrag til at eit mangfald av kulturmiljø blir tatt vare på som grunnlag for framtidig oppleving, kunnskap og bruk.


Prioritering 2

Kulturminnefondet skal søkje brei geografisk spreing i tilskotsforvaltninga.


1. TILSEGNAR OG TILSEGNABELØP FORDELT FYLKESVIS (STATISTIKK) (beløp i 1000)

	Tal på tilsegner	Tilseignsbeløp	Gjennomsnitt tilseignsbeløp
Troms og Finnmark	27	3 464	128
Nordland	49	7 029	143
Trøndelag	63	10 991	174
Møre og Romsdal	56	9 283	166
Vestland	93	15 528	167
Rogaland	59	11 150	189
Agder	84	11 111	132
Vestfold og Telemark	43	8 900	207
Innlandet	83	11 397	137
Viken	98	17 584	179
Oslo	45	11 044	245
Sum 31.12.22	700	117 481	168

Tabellen viser regional fordeling av tilsegner og tilseignsbeløp for 2022. Fordelingane er i tråd med prioriteringar frå styret. Tilsegnene speglar i stor grad talet på søknader slik det har vore i tidlegare år.



Diagrammet viser korleis tilsegner og tilseignsbeløp fordeler seg fylkesvis. Søylane viser tal på tilsegner, mens grafen viser samla tilseignsbeløp.



Kartet viser korleis tilseignsbeløp pr. 31.12.22 fordeler seg på landsbasis pr. fylke. Vestland og Viken er fylka som har fått høgast tilseignsbeløp og flest tilsegner. I 2022 har vi mottatt søknader frå 306 kommunar, og mottakarar i 246 kommunar er innvilga tilsegner om tilskot. Frå 2003 og pr. 31.12.22 har Kulturminnefondet mottatt søknader frå alle kommunar i landet, med unntak av Loppa i Troms og Finnmark og Siljan kommune i Vestfold og Telemark.

I tillegg til desse to har ingen fra kommunane Bjerkreim, Fedje eller Meråker mottatt tilsegn om tilskot. Dei fire kommunane som har det største talet på tilskot er: Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger.

Vurdering av nasjonalt kulturmiljømål 3 og Kulturminnefondets geografiske spreing i tilskotsforvaltninga

Kulturminnefondet arbeider for brei geografisk spreing av tilskota, og har eit nasjonalt perspektiv. I det praktiske arbeidet fører dette til at vi legg stor vekt på korleis ei eventuell tilsegn til eit gitt kulturminne bidrar til tematisk og geografisk breidde rundt om i kommunane. Frå 2003 har Kulturminnefondet mottatt søknader frå alle kommunar i landet, med unntak av Loppa i Troms og Finnmark og Siljan kommune i Vestfold og Telemark. Dette viser at kjennskapen til Kulturminnefondet er godt fordelt i landet.

Vi arbeider strategisk i kommunikasjonsarbeidet vårt og identifiserer område med søknadspotensial, samtidig som vi arbeider for ei brei geografisk dekning i medieomtale. Vi framhevar gode prosjekt i område med få søknader for at fleire private eigarar av kulturminne skal bli kjent med tilskotsordninga og motivere dei til å søkje. I område med søknadspotensial set vi opp kampanjar og annonserer tilskotsordninga.

Bedehuset Haugesund

Skåregata 208 vart opphavleg oppført som stall og vognskjul i 1904. Det vart ombygd til forsamlingslokale i 1910, og vart brukt som misjonshus i 101 år, fram til dagens eigarar overtok bygget. Kunstnarparet Pia Noreger og Pål Jackman flytta til Haugesund og kjøpte det gamle bedehuset. Det er nå aktivt brukt som bustad, atelier, forsamlingshus, pub, konsertlokale og kafé.

På bildet: Styremedlem i Kulturminnefondet Elisabeth Sjo Jespersen, Pia Noreger og Pål Jackman.



STATUS OPPDRAG I TILDELINGSBREV

I tildelingsbrevet for 2022 er det oppført tre oppdrag for resultatområde 2, kulturminne og kulturmiljø. Desse er 1) at verksemda skal gjere greie for gjennomføring av tiltak for å forbetre «awareness» knytt til IKT-sikkerheitskulturen, 2) at verksemda skal gjere greie for om det er informasjonssystem som ennå ikkje er omfatta av

styringssystemet for informasjonssikkerheit (ISO27001) i verksemda og 3) at verksemda skal medverke til å oppfylle måla i samordningsstrategien og digitaliseringsstrategien. Dei to første oppdraga er svara på som vedlegg til andre tertialrapport. Svar på det tredje oppdraget følger under.

Kulturminnefondet verksemda skal medverke til å oppfylle måla i samordningsstrategien og digitaliseringsstrategien. Som kunde av felles IKT-plattform har verksemda ei plikt til å medverke til vidare samordning av plattform for fagapplikasjonar og administrative støttesystem. Samordningsstrategien og digitaliseringsstrategien har fem hovudmål.

Hovudmål 1:

Miljøetatane skal ha sikre og robuste IKT-system som tar vare på personvern og informasjonssikkerheit på ein god måte.

Hovudmål 4:

Miljøetatane skal tilby gode, brukarvennlege og framtidsetta tenester.

Kommentar frå Kulturminnefondet:

Kulturminnefondet har i samarbeid med Miljødirektoratet (MD) utvikla ein tilpassa versjon av Miljødirektoratets elektroniske søknadssenter (ESS). Systemet blir brukt både av publikum til å levere søknader og endringar undervegs i ulike prosjekt, og av Kulturminnefondet til søknadsbehandling og oppfølging av prosjekt som har fått tilskot. MD er systemeigar, og Kulturminnefondet forvaltar ESS i tett samarbeid med direktoratet. Personvern og informasjonssikkerheit er sentrale tema i vidareutviklinga av systemet, og Kulturminnefondet har i 2022 risikovurdert informasjonssikkerheita ved utvikling av ny funksjonalitet der dette har vore aktuelt.

Kommentar frå Kulturminnefondet:

Det elektroniske søknadssenteret (ESS) i Kulturminnefondet er eit viktig bidrag for å styrke Kulturminnefondets rolle som lågterskeltilbod. Søkjarar og tilskotsmottakarar kan enkelt og brukarvennleg kommunisere digitalt med Kulturminnefondet. Digital transformasjon påverkar korleis Kulturminnefondet samhandlar med brukarane, noko som fører til endring av prosessane i tilskotsforvaltninga. Vi arbeider kontinuerleg med vidareutvikling av ESS, slik at løysinga blir meir brukarvennleg for søkjarar. Digitaliseringsstrategien er eit sentralt styringsdokument i denne prosessen.

Under og etter pandemien har Kulturminnefondet tatt i bruk nye, digitale verktøy og møteformer for ytterlegare å senke terskelen for å kome i kontakt med Kulturminnefondet, og vidare styrke samarbeidet med dei private eigarane. Eksempel på dette er bruk av webinar og digitale synfaringar med søkjarar og potensielle søkjarar. Digitale møte har også ført til mindre reising.

Hovudmål 2:

Miljøetatane skal publisere og gjere miljøinformasjon tilgjengeleg på ein oversiktleg, tydeleg og brukarvennleg måte i relevante kanalar.

Hovudmål 5:

Miljøetatane skal ha ei sikker, effektiv og brukarvennleg forvaltning av IKT-systema sine.

Kommentar frå Kulturminnefondet:

Midlane frå Kulturminnefondet bidrar til å til å nå dei nasjonale kulturmiljømåla, og tilskotsordninga er eit viktig bidrag inn i sirkulærøkonomien. Kulturminnefondet møter moglege søkjarar og tilskotsmottakarar med god, einsarta og etterretteleg informasjon i enkelt og forståeleg språk. Vi skal vera tydelege og relevante overfor målgruppene våre. Dette gjer vi ved å formidle rådgjerdar for ny bruk, gjenbruk og transformasjon gjennom utoverretta kommunikasjon, som inkluderer sosiale medium, nettsider, presse og annan ekstern kommunikasjon gjennom digitale flater.

Kommentar frå Kulturminnefondet:

Gode og brukarvennlege digitale løysingar og tenester er avhengige av sikker og robust drift av IKT-systema. Kulturminnefondet skal frå 2023 vere ein del av sektoren si felles IKT-drift i Miljødirektoratet.

Hovudmål 3:

Miljødata skal ha høg kvalitet, vere opne og gratis.

Kommentar frå Kulturminnefondet:

Kulturminnefondet bidrar i samordnande arbeid innan sektoren når det gjeld miljødata og publisering av informasjon om temaet kulturmiljø på miljostatus.no.

INTERNKONTROLL OG RISIKOSTYRING

Risikostyring i Kulturminnefondet handlar om at verksemda skal kjenne til og aktivt handtere forhold eller hendingar som kan påverke arbeidet med å nå måla for Kulturminnefondet. Risikostyring er derfor eit viktig verktøy i den overordna mål- og resultatstyringa. Kjerneverksemda til Kulturminnefondet er tilskotsforvaltning. Leiinga har stor merksemd på risikostyring rundt aktivitetar knytt til mål- og resultatkrava i det årlige tildelingsbrevet frå Klima- og miljødepartementet. Kulturminnefondet vurderer til kvar tid risiko ved behandling og oppfølging av tilskotssøknader.

Gjennom heile koronaperioden har vi gjort hyppige risikovurderingar i kontinuitetsplanlegginga. Ei eigenevaluering i 2021 viste at koronaperioden med mange tilsette på heimekontor ikkje påverka Kulturminnefondet sin evne til å utføre kjerneoppgåva si. Kulturminnefondet har også i 2022

oppretthalde normal produksjon i tilskotsforvaltninga, sjølv om Covid-19-pandemien også prega starten på 2022.

Risikostyring er også ein sentral del av arbeidet med informasjonsikkerheit i Kulturminnefondet. Ei målorientert, effektiv, lovleg og påliteleg informasjonsbehandling er avgjerande for at Kulturminnefondet skal lykkast i samfunnsoppdraget. Tilstrekkeleg og balansert informasjonsikkerheit er viktig for å understøtte dette. Kulturminnefondet har i 2022 inngått eit samarbeid med Artsdatabanken og MARFO for å etablere eit heilskapleg styringssystem for informasjonsikkerheit med utgangspunkt i ISO-27001. Samarbeidet skal sikre eit system som er anvendelig, relevant og tilpassa risiko og storleik i mindre verksemdar i sektoren.

FAKTA OM PERSONELLFORHOLD

Likestilling og mangfald

Tabellen nedanfor viser at kjønnsfordelinga ved Kulturminnefondet er på 59 % kvinner og 41 % menn.

Kjønnsbalanse, del kvinner	Totalt	Leiarnivå*	Høgare lønna rådgivarar**	Saksbehandlarar***
KMF	59 %	50 %	50 %	71 %

* Leiarnivå omfattar direktør og assisterande direktør

** Høgare lønna rådgivarar omfattar seniorrådgivarar m. fl.

*** Saksbehandlarar omfattar rådgivarar og førstekonsulentar

HMS/arbeidsmiljø

Mål for arbeidet med HMS i Kulturminnefondet er at vi skal ha eit trygt og helsefremmande arbeidsmiljø prega av verdiane inkludering, engasjement, samarbeid og truverde. Ein livsfasetilpassa personalpolitikk gjer det mogleg å ha eit livslangt arbeidsliv for alle tilsette, og sikrar god balanse mellom arbeid, familie og fritid. Kulturminnefondet skal vere ein likestilt arbeidsplass, der kvinner og menn på alle nivå har like moglegheiter for medråderett, påverknad og rimeleg lønnsutvikling. Viktig fokus i 2022 har vore implementering av ein ny, fleksibel arbeidskvardag i Kulturminnefondet etter koronaperioden.

Sjukefråvær

Kulturminnefondet har hatt eit lågare totalt sjukefråvær i 2022 enn i 2021. Ikkje noko av sjukefråværet er relatert til arbeidet. Totalt sjukefråvær, inklusive eigenmeldingar og legemeldt sjukefråvær pr. 31.12.2022, var på 6,1 % – 3,7 % for menn og 8,3 % for kvinner.

Utviklinga i sjukefråvær	2020	2021	2022
Sjukefråvær inkl. eigenmelding	4,9 %	8,1 %	6,1 %
Legemeldt	4,0 %	6,8 %	4,8 %
Kvinner	6,3 %	7,7 %	8,3 %
Menn	2,6 %	8,8 %	3,7 %

Tabellen viser sjukefråværet oppgitt i prosent. Når tilsette blir sjukemelde, vil dette i stor grad påverke det totale sjukefråværet, fordi Kulturminnefondet har få tilsette.



Hans Hansens vei 8, Drammen

I fleire år har Siri Høye og Felix Nyberg restaurert ein fargerik funkisbustad. Kunnskapen dei har tileigna seg undervegs, vil dei nå gjerne dele med andre. Det handlar også om å bevisstgjere folk om kvalitetane som ligg i arkitektur og fargebruk. – Vi vil også inspirere andre. Selv ble vi veldig entusiastiske underveis i prosessen, da vi oppdaget fargerikdommen og hva sammensetningen av farger gjør med huset. Vi synes nå at vi har fått et veldig fint hus, seier dei to, som fekk støtte frå Fortidsminneforeningen for å kunne kurse folk i tradisjonelt murarbeid.

På bildet: Felix Nyberg og Siri Høye

FELLESFØRINGAR I TILDELINGSBREV

Tildelingsbrev for 2022 inneheld to fellesføringar fra Kommunal- og distriktsdepartementet:

1. Redusere konsulentbruken

Kulturminnefondet er ei lita verksemd med få konsulenttenester. Totale kostnader til konsulenttenester var kr 870 849 i 2022. 65,1 % av konsulentkostnadene i 2022 er IT-drift og arkivtenester frå Miljødirektoratet. Bakgrunnen for dette er oppfølging av digitaliseringsstrategien for klima- og miljøsektoren 2020–2024 og samordningsstrategi for miljøforvaltninga – Effektivisering og samordning av dei administrative funksjonane (2018–2021). I tillegg til dette er 13,1 % av konsulentkostnader i 2022 kjøp av sentralbordtenester frå Statens servicesenter i Engerdal (SSiE). Eksterne sentralbordtenester frå SSiE gjer oss mindre sårbare, samtidig som vi får frigjort ressursar til andre primær oppgåver.

Kulturminnefondet har i 2022 ikkje hatt kostnader til kjøp av tenester frå kommunikasjonsbransjen.

Figuren under viser fordeling av kostnader til lønn, konsulenttenester og andre framande tenester i 2022. 6,5 % er konsulentkostnader.

2. Knytte til seg lærlingar, der talet på lærlingar skal stå i eit rimelig høve til storleiken på verksemda

Kulturminnefondet har i 2022 kartlagt og vurdert om vi har arbeidsoppgåver innanfor relevante læreplaner for yrkesfag, og tilstrekkeleg kapasitet til oppfølging, som tilseier inntak av lærling. Kulturminnefondet er ei lita, statleg verksemd. På bakgrunn av denne kartlegginga har Kulturminnefondet i 2022 prioritert å vidareføre deltaking i Traineeprogrammet i staten for personar med høgare utdanning og nedsett funksjonsevne og/eller hol i CV-en. Dette har vi god erfaring med, og det er noko som sørgjer for nye ressursar og styrka mangfald som statleg verksemd. Kulturminnefondet er merksam på regjeringa si satsing på å auke talet på lærlingar i staten, og vil årleg vurdere om det er mogleg å tilby opplæring innan aktuelle lærefag, enten aleine eller saman med andre.

VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Kulturminnefondet sitt samfunnsoppdrag er å bidra til å styrke arbeidet med å bevare verneverdige og freda kulturminne og samtidig bidra til at et mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttas som grunnlag for oppleving, utvikling og verdiskaping.

Vi gjer dette ved å være ein lett tilgjengeleg og brukarvenleg tilskotsordning for private eigarar av kulturminne.

Kulturminnefondets systematiske arbeid med å støtte prosjekt som gir vern gjennom aktiv bruk er vesentleg i arbeidet vårt med å vere ein aktør som bidrar til ein positiv samfunnsutvikling. Det er i praksis støtte til næringsutvikling, klimavenlege løysningar samt berekraftig utvikling av norske lokalsamfunn.

For å løyse oppdraget er det kritisk for verksemda at vi er synlege, løysingsorienterte og blir opplevd som brukarvenlege og lett tilgjengelege for private eigarar av kulturminne.

Ved målretta satsing på å vere synleg i ulike typar media har talet på søknadar til Kulturminnefondet hatt ei jamn stigning over år. Dette arbeidet skal oppretthaldast for å nå stadig nye eigarar med informasjon og samtidig vise fram moglegheitene som ligg i å sette i stand kulturminne i staden for å bygge nytt. Det er potensiale i å synleggjere moglegheita eigarane har til å både modernisere og bevare, ny bruk av kulturminne, mangfaldet og det positive klimaaspektet.

For å løyse samfunnsoppdraget er det òg naudsynt med

fortsett fokus på dei vi er til for. Arbeidet med forenkling og forbetring skal halde fram.



I en brukarundersøking hausten 2022, kom det fram veldig positive resultat og tilbakemeldingar på fondets arbeid retta mot eigarar som nyttar kulturminnet sitt i næringsdrift etter at det er satt i stand. Vi blir oppfatta som veldig løysingsorienterte og hjelpsame, og det er tydeleg frå svara at Kulturminnefondet sine bidrag har vore avgjerande for mange næringsprosjekt med utgangspunkt i kulturminne. For å vere brukarvenleg og lett tilgjengeleg òg i framtida, ønsker vi å fortsette med dette arbeidet. Vi skal framleis vere enkle og kostnadseffektive å ha med å gjere via vår digitale søknadsportal ESS, men òg enkle å nå for personleg rettleiing til dei som ønsker det.

For å oppretthalde fokuset på å vere synlege og brukarvenlege og halde fram med arbeidet med forenkling og forbetring er det viktig med rett kompetanse i Kulturminnefondet.

Vi ser på dei godt kvalifiserte søkarane som søker på stillingar hos oss at vi er ein attraktiv arbeidsplass søkarane. Dette, òg at mange tilsette blir i fondet i lang tid, gjer at vi får både erfaring og ny kompetanse inn.

Som verksemd underlagt Klima- og miljødepartementet, vurderer vi vår evne til å løyse samfunnsoppdraget og nå måla våre som god, både på kort og lang sikt.

Røros, mars 2022



LEINGA SIN KOMMENTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2022

Føremål

Kulturminnefondet vart oppretta av Stortinget i 2002, starta opp arbeidet i 2003, og er underlagt Klima- og miljødepartementet. Kulturminnefondet er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og eige styre. Kulturminnefondet er det viktigaste verkemiddelet staten har for å nå det nasjonale målet om å minimere tap av verneverdige kulturminne. Kulturminnefondets særskilde rolle er å vere eit statleg lågterskeltilbod til private eigarar av verneverdige kulturminne.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Klima- og miljødepartementet i instruks om økonomistyring. Rekneskapen gjev eit dekkjande bilde av Kulturminnefondets disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Vurderingar av vesentlege tilhøve

I 2022 vart Kulturminnefondet tildelt ei ramme på 121 318 000 kroner. Det er gjeve tilsegn om tilskot til bevaring

av kulturminne inntil 117 481 000 kroner, mens det i løpet av året er tilbakekalla eller reduserte tilskot på 15 291 000 kroner. Av dette beløpet er 4 900 000 kroner sett av som «Ikke inntektsførte tilskot og overføringer» og øyremerkt tilskot i 2023. Det vart utført 16,52 årsverk i 2022 – ein nedgang på 0,38 årsverk frå 2021.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Kulturminnefondet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert pr. d.d., men vi reknar med at revisjonsmeldinga er klar i løpet av 2. kvartal 2023. Meldinga vil bli publisert på nettsidene til Kulturminnefondet så snart dokumentet er motteke frå Riksrevisjonen.

Røros, mars 2023

Simen Bjørgen
direktør

REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskap for statlege forvaltningsorgan med særskilde fullmakter til bruttoføring utanfor statsbudsjettet (nettobudsjetterte verksemder) er utarbeidd og avlagd etter nærmare føresegner om økonomistyring i staten ("føresegnene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene, punkt 3.4.1, nærmare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 frå desember 2022 og eventuelle tilleggskrav fastsett av Klima- og miljødepartementet.

Verksemnda er knytt til den statlege konsernkontoordninga i Norges Bank, i samsvar med krav i føresegnene, pkt. 3.7.1. Nettobudsjetterte verksemder får løyvingar frå overordna departement innbetalt til bankkontoen sin. Behaldning på oppgjerskonto blir overført til nytt år.

Nettobudsjetterte verksemder har forenkla rapportering til statsrekneskapen, og oppstillinga av løyverapporteringa reflekterer dette.

Oppstillinga omfattar ein øvre del, som viser kva verksemnda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Midtdelen av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldo og likvidendringar til verksemnda på oppgjerskonto i Norges Bank. Nedre del av oppstillinga viser alle finansielle egedelar og forpliktingar verksemnda står oppført med i den statlege kapitalrekneskapen.

OPPSTILLING AV LØYVESRAPPORTERING 31.12.2022

Samla tildeling i samsvar med tildelingsbrev				
Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post		Samla tildeling 2022
1432	Norsk kulturminnefond	50		121 318 000
<i>Sum utgiftsført</i>				121 318 000
Behaldningar rapportert i likvidrapport			Note	Rekneskap 2022
Inngående saldo på oppgjerskonto i Norges Bank			6	183 397 461
Endringar i perioden				-32 881 746
<i>Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Norges Bank</i>				150 515 715
Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapen				
Konto og tekst	Note	2022	2021	Endring
Behaldning på konto i Norges Bank	6	150 515 715	183 397 461	-32 881 746



ÅRSREKNESKAP 2022

PRINSIPPNOTE SRS

Rekneskaperen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

TRANSAKSJONSBASERTE INNTEKTER

Inntekt er resultatført når den er opptent. Transaksjonar er resultatført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Sal av tenester er inntektsført i takt med utføringa.

INNTEKTER FRÅ LØYVINGAR, TILSKOT OG OVERFØRINGAR

Inntekt frå løyvingar, tilskot og overføringar er resultatført i perioden da aktivitetane som inntektene skal finansiere, er utført. Det vil seie i den perioden kostnadene kjem (motsett samanstilling).

Den delen av inntekt frå løyvingar og tilsvarende som blir nytta til kjøp av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel som blir balanseført, blir ikkje inntektsført på innkjøpstidspunktet. Denne delen blir avsett i balansen på rekneskapslinja i statens finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel.

I takt med kostnadsføringa av avskrivningar av immaterielle egedeler og varige driftsmiddel er eit tilsvarende beløp inntektsført frå avsetninga i staten si finansiering av immaterielle egedeler og varige driftsmiddel. Den periodiske inntektsføringa frå avsetninga er resultatført som inntekt frå løyvingar. Dette medfører at kostnadsførte avskrivningar inngår i driftskostnader utan å få resultatteffekt.

KOSTNADER

Utgifter i samband med transaksjonsbaserte inntekter er kostnadsført i same periode som inntektene høyrer til.

Utgifter som er finansiert med inntekter frå løyvingar, tilskot og overføringar, er kostnadsført etter kvart som aktivitetane skjer.

Pensjoner

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsføring når det gjeld pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsplikt til Statens pensjonskasse (SPK).

Verksemda resultatfører arbeidsgivardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Frå 1. januar 2022 betaler verksemda ein spesifikk, hendingsbasert arbeidsgivardel som del av pensjonspremien. At premien er spesifikk for verksemda, betyr at den blir rekna ut frå forholda i den enkelte verksemda, ikkje for grupper av verksemder samla. At arbeidsgivardelen er hendingsbasert, betyr at den tar omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden i verksemda, slik at premiereserven er oppdatert i forhold til oppteninga for kvar medlem. Medlemsdelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

LEIGEAVTALER

Verksemda har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtaler, alle klassifisert som operasjonelle leigeavtaler.

KLASSIFISERING OG VURDERING

AV ANLEGGSMIDDEL

Anleggsmiddel er varige og betydelege egedelar verksemda disponerer. Med «varig» meiner vi nyttbar levetid på 3 år eller meir. Med «betydeleg» meiner vi enkeltstående innkjøp til kr 50 000 eller meir. Anleggsmiddel er balanseført til innkjøpskost minus avskrivningar.

Kontorinventar og datamaskiner (PCer, mobilar, serverar m.m.) med nyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseført som eigne grupper.

Varige driftsmiddel er nedskrivne til verkeleg verdi ved bruksendring, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

EIGENUTVIKLING AV PROGRAMVARE

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Utgifter til bruk av eigne tilsette knytt til applikasjonsutviklingsfasen er ikkje balanseført.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV OMLØPSMIDDEL OG KORTSIKTIG GJELD

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter innkjøpstidspunktet. Andre postar er klassifisert som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel er vurdert som den lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

STATSKAPITALEN

Statskapitalen utgjer nettobeløpet av egedelar og gjeld i verksemda. Denne kapitalen består av verksemdskapital, avrekningar og utsett inntektsføring av løyving.

Statsfinansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel

Avsetninga «statens finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel» viser inntekt frå løyvingar og tilsvarende som er nytta til kjøp av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel.

TILSKOTSFORVALTNING OG ANDRE OVERFØRINGAR FRÅ STATEN

Tilskotsforvaltning blir presentert etter kontantprinsippet.

OPPSTILLING AV KONTANTSTRAUM

Oppstillinga av kontantstraum er utarbeidd etter den direkte modellen tilpassa statlege verksemder.

STATLEGE RAMMEVILKÅR

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er såleis ikkje postar i balanse eller resultatrekneskap som reflekterer alternative netto forsikringskostnader eller plikter.

Konsernkontoordninga i staten

Statlege verksemder er omfatta av konsernkontoordninga i staten. Denne ordninga inneber at alle inn- og utbetalingar blir gjort opp dagleg mot oppgjerskontoar verksemda har i Norges Bank.

Verksemda er tilført likvide midlar i samsvar med utbetalingsplan frå overordna departement og disponerer ein eigen oppgjerskonto i konsernkontoordninga i Norges Bank. Denne er ikkje renteberekn. Nettobudsjetterte verksemder beheld likviditeten ved årsslutt.

ANDRE FORHOLD

Kulturminnefondet er ikkje inkludert i nettoføringsordninga for budsjettering og rekneskapsføring av meirverdiavgift, jf. Rundskriv R-116.

Kulturminnefondet blir revidert av Riksrevisjonen.



Olsen kafe

Forretningslokalet vart bygd i 1920, med tilbygg frå 1930. Olsen kafé ligg i Tolga sentrum, bygd 1920. Gjennom hundre år har huset vore brukt til ulike formål, som bakeri, kafé, daglegvare og forskjellige utsal, i tillegg til husvære i 2. etasje. Nåverande eigar, Olsen Kafé AS, kjøpte huset i 2020 og har sidan 2021 drive kafé i bygget.

På bildet: Bengt Erik Olsen, Tore Brennmoen Tollan, assisterande direktør for Kulturminnefondet, Pia Wigtil og Bjørnar Semmingsen.



RESULTATREKNESKAP

	Note	31.12.2022	31.12.2021
Driftsinntekter			
Inntekt fra løyvingar	1	21 811 046	22 453 800
Andre driftsinntekter	1	20 025	2 509
Sum driftsinntekter		21 831 071	22 456 309
Driftskostnader			
Lønnskostnader	2	12 295 555	13 111 265
Avskrivninger	3,4	2 922 889	2 640 903
Andre driftskostnader	5	6 612 627	6 704 141
Sum driftskostnader		21 831 071	22 456 309
Driftsresultat		0	0
Resultat av aktivitetane til perioden		0	0
Tilskotsforvaltning			
Utbetalinger av tilskot til andre	6	132 472 000	109 648 800
Avregning med statskassa tilskotsforvaltning	6	132 472 000	109 648 800
Sum tilskotsforvaltning		0	0

BALANSE

Balanse - Egedelar	Note	31.12.2022	31.12.2021
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle egedelar			
Programvare og liknande immaterielle egedelar	3	6 099 254	7 011 453
II Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar, verktøy og liknande	4	910 939	1 090 486
III Finansielle anleggsmidler			
Sum anleggsmidler		7 010 193	8 101 938
B. Omløpsmidlar			
I Beholdninger av varer og driftsmateriell			
II Fordringar			
Andre fordringar	7	155 912	116 369
III Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot	8	150 515 715	183 397 461
Kontantar og liknande	8	97	97
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		150 515 812	183 397 558
Sum omløpsmidlar		150 671 725	183 513 927
Sum egedelar		157 681 918	191 615 865

Balanse –kapitalen til staten og gjeld	Note	31.12.2022	31.12.2021
C. Kapitalen til staten kapital			
I Virksomhetskaptal			
II Avregningar			
III Utsatt inntektsføring av bevilgning			
Finansieringa til staten av immaterielle egedelar og varige driftsmidler	3, 4	7 010 193	8 101 938
Ikkje inntektsført løyving	9	5 998 906	7 632 207
Sum kapitalen til staten		13 009 100	15 734 145
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktelsar			
II Annen langsiktig gjeld			
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		347 439	482 618
Skyldig skattetrekk		621 146	726 595
Skyldige offentlege avgifter		172 323	287 375
Avsatte feriepengar		1 206 395	1 251 849
Annen kortsiktig gjeld	10	307 514	833 282
Sum gjeld		2 654 818	3 581 719
Sum kapitalen til staten og gjeld drift		15 663 918	19 315 865
IV Gjeld vedrørende tilskotsforvaltning		142 018 000	172 300 000
Sum kapitalen til staten og gjeld		157 681 918	191 615 865

**Historisk sporvegslinje**

Den gamle linja frå Thormøhlensgate til Engen har endepunkt framfor Den Nationale Scene. Linja vart nedlagd i 1950. Den går gjennom eit historisk bygningsmiljø som er nær identisk med slik det var da linja vart nedlagd i 1950. Linja vil bli trafikkert i opningstidene til Bergens Tekniske Museum, og det vil vere mogleg å bestille oppdragskjøring.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING etter den direkte metode for nettobudsjetterte verksemder

	31.12.2022	31.12.2021
Kontantstraumar frå driftsaktivitetar		
Innbetalinger		
innbetalinger av løyving	121 276 000	135 614 000
innbetalinger av tilskot og overføringar	632 155	845 050
andre innbetalinger	15 269	262 518
Sum innbetalinger	121 923 424	136 721 568
Utbetalinger		
utbetalinger for kjøp av varer og tenester	-6 924 522	-7 307 063
utbetalinger av lønn og sosiale kostnader	-9 339 655	-9 726 834
utbetalinger av skatter og offentlege avgifter	-4 509 359	-4 163 414
andre utbetalinger	0	0
Sum utbetalinger	-20 773 537	-21 197 312
Netto kontantstraum frå driftsaktivitetar * (avstemming)	101 149 886	115 524 256
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		
utbetalinger ved kjøp av eigedelar og varige driftsmidlar	-1 559 633	-1 793 018
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-1 559 633	-1 793 018
Kontantstraumar knytt til overføringar		
Innbetalinger fra statskassa til tilskot til andre (note 6)		
Utbetalinger av tilskot og overføringar til andre (note 6)	-132 472 000	-109 648 800
Netto kontantstraum knytt til overføringar	-132 472 000	-109 648 800
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	-32 881 746	4 079 496
Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar 1.1.	183 397 461	179 318 062
Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar 31.12	150 515 715	183 397 558
Avstemming	31.12.2022	31.12.2021
bokført verdi avhenda anleggsmidlar	0	0
ordinære avskrivningar	2 922 889	2 640 903
avsetning utsette inntekter (tilgang anleggsmidlar)	-1 831 144	-1 793 018
endring i finansieringa frå staten av immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar	-1 091 745	-847 886
Endring i ikkje inntektsført løyving	-1 633 301	-8 353 414
endring i leverandørgjeld	-135 179	-815 755
postar klassifisert som investerings- eller finansieringsaktivitetar	1 559 633	1 793 018
postar klassifisert som kontantstraumar knytt til overføringar	132 472 000	109 648 800
endring i andre tidsavgrensingspostar	-31 113 266	13 251 68
Netto kontantstraum frå driftsaktivitetar *	101 149 886	115 524 256

NOTAR TIL ÅRSREKNESKAP 2022**NOTE 1: Driftsinntekter**

	31.12.2021	31.12.2020
Inntekt fra bevilgninger		
Inntekt frå løyving	20 719 301	21 605 914
- brutto nytta til investeringar i immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar	-1 831 144	-1 793 018
+ utsett inntekt frå avsetning knytt til investeringar (avskrivningar)	2 922 889	2 640 903
+utsett inntekt frå avsetning knytt til investeringar (avhending)	0	0
Sum inntekt frå løyvingar	21 811 046	22 453 800
Andre driftsinntekter	20 025	2 509
Sum andre driftsinntekter	20 025	2 509
Sum driftsinntekter	21 831 071	22 456 309

Andre driftsinntekter er salg av elektronisk utstyr til ansatt.

NOTE 2: Lønn og sosiale kostnader

	31.12.2022	31.12.2021
Lønningar	9 345 164	10 071 550
Feriepenger	1 274 059	1 287 165
Arbeidsgiveravgift	719 560	780 688
Pensjonskostnader*	844 695	1 236 498
Sykepenger og andre refusjonar	-547 450	-928 531
Andre ytingar	659 527	663 895
Sum lønn og sosiale kostnader	12 295 555	13 111 265
Talet på årsverk:	16,5	16,9

*** Nærare om pensjonskostnader**

Premiesatsen for arbeidsgivardelen utgjorde i 2022 10,6 % (arbeidsgivardel av pensjonspremie/pensjonsgrunnlaget i 2022 rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2021 inngjekk verksemda i eit premiefellesskap og premiesatsen for arbeidsgivardelen i 2021 var 12,4 %. Sjå òg omtala av rekneskapsføring av pensjonar i prinsippnoten.

NOTE 3: Immaterielle eiendeler

Programvare og liknande rettigheter	31.12.2022	31.12.2021
Innkjøpskost pr. 01.01.	17 941 445	16 630 217
Tilgang i året	1 633 365	1 311 228
Innkjøpskost	19 574 810	17 941 445
Akkumulerte avskrivningar pr. 01.01.	10 929 992	8 665 530
Ordinære avskrivningar i året	2 545 564	2 264 462
Balanseført verdi 31.12	6 099 254	7 011 453
Avskrivningssatser (levetider)	5 år / lineært	

Immaterielle eigedelar er programvare som utvikling av søknadssenter og oppgradering av arkivprogrammet Public360.

NOTE 4: Varige driftsmidler

Driftsløysyre, inventar, verktøy o.l.	31.12.2022	31.12.2021
Driftsløysyre, inventar, verktøy o.l.	3 856 645	3 374 855
Anskaffelseskost 01.01.	197 778	481 790
Tilgang i året	4 054 424	3 856 645
Anskaffelseskost	2 766 160	2 389 718
Akkumulerte avskrivningar 01.01.	377 325	376 442
Ordinære avskrivningar i året	0	0
Akkumulerte avskrivningar avgang i året	910 939	1 090 486
Avskrivningssatser (levetider) 3-10 år / lineært		

Varige driftsmidler er anlegg som kontormøblar, inventar, datamaskiner, mobilar og anna elektronisk utstyr.

NOTE 5: Andre driftskostnader

	31.12.2022	31.12.2021
Husleige	1 906 104	1 848 972
Vedlikehold av leigde lokale	4 298	913
Andre kostnader til drift av eigedom og lokale	703 949	445 156
Leie maskiner, inventar og liknande	327 572	217 444
Mindre utstyrsinnkjøp	201 214	145 975
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr osv.	12 362	18 100
Kjøp av konsulenttenester	870 849	1 396 044
Kjøp av andre framande tenester	182 835	119 441
Reiser og diett	660 293	411 097
Andre driftskostnader	1 743 151	2 100 999
Sum andre driftskostnader	6 612 627	6 704 141

* Øvrige driftskostnader

Kontorkostnader	761 090	800 894
Kommunikasjon (telefon, data, porto)	158 692	153 575
Reklame/informasjon/representasjon	569 210	784 010
Andre driftskostnader	254 160	362 520
Sum Øvrige driftskostnader	1 743 151	2 100 999

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leigeavtalar*

Varigheit	Mellom 1 og 5 år	Over 5 år	Sum
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	1 906 104	1 906 104
Maskiner og transportmiddel	108 284		108 284
Driftsløysøre, inventar, verktøy og liknande	31 873	0	31 873
Sum operasjonelle leigeavtalar	140 157	1 906 104	2 046 261

Kulturminnefondet har husleigeavtale med varigheit over 5 år, med årleg husleigekostnad på 1,9 million kroner i 2022. Verksemda har ein 3 årig avtale om leigebil med årleg leigesum på kr 108.284. Leige av frankeringsmaskin og kaffimaskin utgjør ein kostnad på til saman kr 31.873

NOTE 6: Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

	31.12.2022	31.12.2021
Tildelte, ikkje utbetalte tilskot	142 018 000	172 300 000
Sum tildelte, ikkje utbetalte tilskot	142 018 000	172 300 000
	31.12.2022	31.12.2021
Tilskot til kommunar	320 000	670 000
Tilskot til ikkje-finansielle føretak	9 090 000	10 838 000
Tilskot til finansielle føretak	31 377 000	29 607 000
Tilskot til hushald	67 716 000	90 834 000
Tilskot til ideelle organisasjonar	8 978 000	9 567 000
Tilskot og stønader frå staten til andre	117 481 000	141 516 000
Tilbakekalte tilskot kommunar	-34 000	0
Tilbakekalte tilskot ikkje-finansielle føretak	-770 000	-711 000
Tilbakekalte tilskot finansielle føretak	-2 190 000	-3 016 000
Tilbakekalte tilskot til hushald	-11 217 000	-13 925 500
Tilbakekalte tilskot til ideelle organisasjonar	-1 080 000	-1 502 000
Tilbakekalte/reduerte tilskot	-15 291 000	-19 154 500
Sum tilskot og tilbakekallingar	102 190 000	122 361 500
	31.12.2022	31.12.2021
Sum tilskot og tilbakekallingar	102 190 000	122 361 500
Ikkje utbetalte, tildelte tilskot	30 282 000	-12 712 700
Utbetaling av tilskot til andre	132 472 000	109 648 800

NOTE 7: Andre kortsiktige fordringar

	31.12.2022	31.12.2021
Andre fordringar	155 912	116 369
Sum andre kortsiktige fordringar	155 912	116 369

NOTE 8: Bankinnskot, kontanter og liknande

	31.12.2022	31.12.2021
Innskot konsernkontoen til staten	150 515 715	183 397 461
Kontantbeholdningar	97	97
Sum bankinnskot, kontantar og liknande	150 515 812	183 397 558

Midlar ståande inne på bank må sjåast i samanheng med ikkje utbetalte tilskot.

NOTE 9: Ikkje innteksført tilskot og overføringar

	31.12.2022	31.12.2021	Endring
Drift av administrasjon og styre	1 098 906	1 032 207	-66 699
Tilskotsforvaltning	4 900 000	6 600 000	1 300 000
Sum ikkje innteksført tilskot og overføring	5 998 906	7 632 207	1 633 301

NOTE 10: Annen kortsiktig gjeld

	31.12.2022	31.12.2021
Annan gjeld til tilsette	-354 670	590 131
Påløpte kostnader	436 434	243 151
Annen kortsiktig gjeld	225 750	0
Sum anna kortsiktig gjeld	307 514	833 282



Petrines gjestgiveri

Petrines gjestgiveri vart bygd som Sykehjemmet Petrine Hvidts Minde i 1916, og er i dag ein liten gjestgivarstad med ti rom i bygda Norddal i Fjord kommune. Petrines er eit landemerke i bygda og ein representant for institusjonsbygg på tidleg 1900-tal. Mottoet til Petrines gjestgiveri er det velpassande "Lav puls under mektig natur", for her kjem du tett på attraksjonane langs Geiranger- og Norddalsfjorden. Før- og etter-bilde.



Før



Etter



Formidlingsstipend

Formidlingsstipendet i 2022 gjekk til Steinar Jørgensen. Utdelinga skjedde under Jamtjordsmarkedet. Jørgensen har gjennom mange år engasjert seg i båtbyggjartradisjonen på Hemnesberget med omland, der målet er å få oversikt over den verdiskapinga dette handverket har utgjort i lokalsamfunnet.

I tillegg til at han arrangerer båtkveldar for interesserte og er utførande handverkar på reparasjonar av båtar og bygningar, formidlar Jørgensen kunnskap gjennom sosiale medium, kurs og byvandringar. Han er også medforfattar i ei bok om båtbyggjartradisjonen.

På bildet: Simen Bjørgen og Steinar Jørgensen

Vern gjennom aktiv bruk

